



Ordførar Peder Sjø Slettebø

Ordfører Peder Sjo Slettebø kan no sjå tilbake på sitt første heile år som ordfører i Kvinnherad kommune etter at han vald hausten 2015. Ved inngangen mot julehøgtida har ordføreren sendt oss julehelsinga nedanfor som vi med glede bringar vidare. Uskedalen.no vil også ønska ordføreren ei riktig god jul og eit godt nytt år.

Kjære kvinnheringar!

No er julefreden på ny i ferd med å senka seg over Kvinnherad-bygdene, og vi ser fram til høgtida der slekt og vener kjem saman. Julehøgtida betyr mykje for oss her til lands. Den er ein viktig del av vår kultur og våre tradisjonar, og julebodskapen har i seg verdiar vi alle kan slutta opp om. Juletida markerer også starten på slutten av det året som no ligg bak oss. 2016 vart eit år eg trur vi først og fremst vil hugsa som eit krevjande år. I verda rundt oss har året vore prega av eit høgt konfliktnivå, og her heima har vi opplevd vanskelege tider i næringslivet. Samstundes har 2016 gjeve oss gode minne og opplevingar som vi med glede kan sjå attende på i juledagane.

Eg har no fått gleder av å vera ordfører for Kvinnherad kommune i godt over eit år. Eg vil takka alle som i året som gjekk har sendt meg invitasjonar og som let meg få ta del i sine liv. Noko av det som er aller mest gjevande med ordførarvervet er å få møta folk i alle aldrar og frå ulike bygder, og møte med enkeltmenneske er alltid til glede for meg. Særleg er eg takksam for å ha fått eit rikt innblikk i vårt lokale frivilligarbeid.

Dette året har Kvinnherad teke imot mange menneske på flukt, og det har gjort sterkt inntrykk på meg kor mange av våre innbyggjarar som har vore engasjert for å ynskja dei velkomne, og som har stilt opp for våre nye landsmenn i kvardagen. Folk har vore flinke til å inkludera dei i det sosiale liv i lokalsamfunnet, og dei har bidrege med praktisk hjelp i det daglege.

Dette er initiativ som kjem frå enkeltmenneske sjølv. Det sterke engasjementet for medmenneske kjem ikkje fordi det offentlege har bede særskild om det, men fordi det er eit ynskje om å bidra hjå den enkelte. Det er løfterikt at kvinnheringane har bidrege til å gje menneske på flukt ein trygg heim i vårt lokalsamfunn.

Det frivillige livet i Kvinnherad omfattar mange samfunnsområde. I året som gjekk fekk eg mange gonger sjå gleder og samholdet som idretten skapar mellom folk og bygder. Eit særleg godt minne frå idrettsåret 2016 har eg frå då eg vitja dei kvinnherske laga som deltok på Norway Cup i Oslo. Eg vart svært oppglødd over å sjå det gode samarbeidet mellom kvinnheringane som var der, og korleis dei ulike laga frå ulike delar av kommunen var med å heia kvarandre fram. Ein skal ikkje undervurdera samholdet som vert skapt gjennom idretten, og den gode kulturen for å løfta kvarandre fram som eg ser så tydeleg i idrettsmiljøet er av stor verdi for vårt lokalsamfunn. Det har imponert meg kor mange timar og dagar foreldra legg ned for laget som borna deira spelar på, og det har vore gledeleg å sjå kor mykje det betyr for born og unge å delta.

Mange kvinnheringar er engasjert i den delen av frivilligarbeid som går føre seg for og med våre eldre. Ved alle institusjonane i kommunen vert det gjennom heile året lagt ned ein stor innsats for å skapa aktivitet, livsgleder og livskvalitet for eldre som bur på institusjon. Det har også gledd meg stort å helsa på eldre som let så vel over kvardagen på våre alders- og sjukeheimar. Også i lokalsamfunnet elles er stor frivillig aktivitet knytt til eldre.

Kulturlivet i Kvinnherad er svært rikt. Både det profesjonelle og frivillige kulturarbeidet gjev folket tilbod om flotte kulturopplevingar i våre bygder. Særleg vil eg frå 2016 trekka fram Festidalen i Uskedalen som høgdepunkt. Kulturlivet i vår kommune er ein demonstrasjon av krafta som ligg i det frivillige engasjementet, og eg vil rosa kvinnheringane for å vera flinke til å slutta opp om våre lokale kulturtilbod. Eit rikt kulturtilbod er viktig fordi det bidreg til god livskvalitet og gode kvardagsopplevingar for alle som vil bu og leva i Kvinnherad.

Situasjonen i næringslivet har prega Kvinnherad-samfunnet sterkt i tida som ligg bak oss. Det er gledeleg å høyra at næringslivet ser lysare på situasjonen i 2017. Samstundes må vi førebu oss på at også det kommande året vil vera krevjande i arbeidslivet. Eg vil takka alle kvinnheringar som satsar og skapar arbeidsplassar i lokalsamfunnet. Det inneber ofte risiko, og dei som startar og driv bedrifter veit eg kjenner på eit stort ansvar både for lokalsamfunnet og for sine tilsette. Eg vil også retta ei takk til alle kvinnheringar som er arbeidstakarar, og som kvar dag gjer ein stor innsats både for arbeidsplassen sin og for den verdiskapinga vi treng for å ha eit velferdssamfunn.

Kvinnherad kommune har sett at vi i nedgongstider må ta i bruk dei verkty det offentlege har for å skapa aktivitet i ulike næringar. Difor har vi for 2017 vedteke store investeringar som vonleg vil gje godt med arbeid til lokale bedrifter.

Julehøgtida er ei tid dei aller fleste ser fram til med stor glede. Det er ei tid der ein skal vera saman med sine kjære, nyta gode måltid og lange fridagar. Likevel opplever mange at julehøgtida er ei særleg krevjande tid. Nokon opplever denne jula at dei har mista ein av sine kjære i året som gjekk, og at det denne julekvelden kanskje for første gong vil vera ein tom stol ved bordet. Nokon opplever julehøgtida tung av økonomiske og

sosiale grunnar, og andre opplever at familien er gått i oppløysing. No kan sorgene ein ber på kjennast enno sterkare. I juletida tenker eg særleg på dykk.

Eg vil på slutten av året takka alle tilsette i Kvinnherad kommune for innsatsen dei har lagt ned i 2016. Eg er stolt av alle medarbeidarar i kommunen som kvar dag syt for gode tenester til innbyggjarane, og som syt for at den store organisasjonen som Kvinnherad kommune er leverer det den skal i det daglege. Takk til lærarane for deira sterke engasjement for borna våre, til medarbeidarar i helsestellet for god omsut, og til tilsette som arbeider med reinhald, vedlikehald, vegar og vassforsyning. Alle gjer de eit flott arbeid for at Kvinnherad kommune skal vera ein god og trygg kommune å leva i. Særleg vil eg retta ei takk til dei som i julehelga er på arbeid eller har vakt slik at dei naudsynte tenester fungerer på helgedagane.

Julebodskapen handlar om forsoning, tilgjeving og nestekjærleik. I ei tid der vi i verda er vitne til vondskap og konflikhtar, vil det å finna attende til julebodskapen vera den rette måten å møta det på.

Eg ynskjer dykk alle ei strålende julefeiring og eit godt nytt år!

Helsing
Peder Sjo Slettebø
Ordførar

Nett: Thor Inge Døssland